

## Modul 5

### *Saum av delar i mannsbunad og innføring i tilpassing*

#### Innhald

Deltakarane vil få ein teoretisk og praktisk gjennomgang av dei viktigaste detaljane på mannsbunaden i dei ulike stilperiodane. Det vil bli lagt stor vekt på å lære dei gamle saumteknikkane, og deira bruksområdet.

#### Omfang

- Innføring i tilpassing
- Lære om ulike snitt i mannsbunaden med bakgrunn i stilhistorie.
- Lære dei vanlegaste saumoperasjonane på ein mannsbunad. Ein gjennomgåar:
  - Bukse med lokk og knelinningar. Trøye og vest med oppståande krage.
    - Val av saumteknikk, og samansying av plagga.
    - Montering av lommer.
    - Montering av krage og slag.
    - Ulike stikningar, dekorsaum og påsying av tittekantar.
    - Isetting av erme.
    - Knapphull.
    - Festing av knappar med skinnråd.
    - Kvar skal vi halde inn og kvar skal vi strekke når vi syr?
- Vi ser på kva som skil snittet på dei gamle draktene frå dagens dressmote. Rørsle i plagga og utføring.

#### Læringsmål

- Planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eiga arbeid
- Ta mål, tilpasse mønster, prøve inn og tilpasse nye og eldre bunader til kunde
- Velje å bruke tekstilar i ulike vevteknikkar i tilverking av ein bunad, og gjere greie for korleis ulike val kan påverke kvaliteten og haldbarheita til bunaden

#### Material

Materialpakke blir utdelt på kurset. Den vil innehalde stoff til bukse, vest og trøye i små størrelsar. I tillegg kjem lintråd, stoff til besetning, forstoff og knappar. Ein skal berre sy halve størrelsar. Ein brukar lintråd barbour no. 35 i mørk brun, svart eller kvit.

Om nokon har eiga bunad de vil arbeide med så er det mogleg. Føresetnaden for det er at ein har god kjennskap til bunaden og at den blir sydd for hand. Ein må sjølv ha mønster.

**Sidan dette kurset vil ha fokus på handsaum vil det ikkje bli høve til å arbeide med maskinsydde bunader.**

**Det må meldast frå til lærarane om eventuelle i eigne prosjekt.**

Joar Vaagø, e – post: [ivaago@broadpark.no](mailto:ivaago@broadpark.no) eller tlf.: 990 20 113

På kurset arbeider ein med rekonstruert mannsbunad frå Numedal og som førebuing til kurset oppmodar vi dykk om å bruke bunadsleksikonet aktivt. Studer gjerne bilete av korleis bunaden blir sydd i dag, og dei gamle plagg (digitalt museum) og akvarellar og maleri

Finn ut kva som kjenneteiknar dei ulike drakthistoriske epokane, som lengde, skulderbreidde, passform, lommer, knappar, krage, slag, materialar osv. Forskjell på bunadene i dei ulike bunadskategoriane. Studere gammalt draktmateriale og akvarellar. anbefalar folkedraktutstillinga på Bygdøy. Om du har høve til å studere gamle plagg nærare og sjå på saumdetaljar. Eksempel: kva veg saumrommet bretta, er det kasta ned eller sydd ned? Besetningar på krage og lommar, og korleis dei er laga. Fotografer gjerne plagg og tak dei med på kurset.

Fint om dykk også har moglegheit til å øve litt på dei ulike stingvariantane på førehand. Du finn det meste i boka: *Sy bunad sjølv*, Ugland, Thorbjørg Hjelman, Gyldendal norske forlag a/s, 1997.

#### **Deltakarane sitt utstyr**

- Blyant og viskelær
- Notatblokk
- Målband
- Knappenåler
- Kritt. Kvitt og farga
- Synåler
- 2 sneller bomull sytråd i ulike fargar
- 1 snelle svart bomull sytråd
- Fingerbøl eller sying
- Saks til stoff
- Saks til papir
- Spiss brodersaks
- Vinkellinjal/ linjal
- Lintråd og voks til tråden
- Pute til å ha på stolen. Det blir mykje stillesitting.
- Mobil som du kan ta gode bilete med for dokumentasjon. Eventuelt gjera opptak av teknikkar.

### Anbefalt litteratur:

- Haugen, Bjørn Sverre Hol: **Norsk Bunadleksikon** Damm og sønn, Oslo 2006.
  - Bunad- og folkedraktrådet* s.20-25
  - Norsk bunadhistorie* s.26-81
  - Barnebunad* s.82-95
  - Draktsmykker* s.96-125
  - Fottøy til folkedrakt og bunad* s.126-137
  - Materialbruk i norske bunader* s.138-159
  - Skikk og bruk i bunad* s.160-170
  - Hvordan ta vare på bunaden* s.171
  
- Ugland, Thorbjørg Hjelmen: **Sy bunaden sjøl.** Gyldendal norske forlag a/s, 1997.
  
- Christophersen, Kirsten Holtermann: **Drakthistorie.** 2000. ISBN 82-585-0940-3
  
- Astrup, Edle : **Sting og søm: i gammelt og nytt broderi.** Oslo. Aschehoug. 1973  
Engelstad, Helen ISBN 82-03-05882-5  
Molaug, Ragnhild B.